



Arkivnr: 2017/16602-19

Saksbehandlar: Beate Bergsholm

**Saksframlegg**

| Saksgang               | Saknr. | Møtedato   |
|------------------------|--------|------------|
| Utval<br>Fylkesutvalet |        | 01.02.2018 |

**Sal av Bergen-Os bompengeselskap AS****Samandrag**

Sal av aksjar i dei 10 bompengeselskapa Hordaland fylkeskommune eig, aleine eller saman med andre, til Ferde AS, er ei oppfølging av Meld. St. 25 (2014-2015) «På rett veg – reform i vegsektoren». Tilbodet frå Ferde AS gjeld alle ti selskap.

Fylkestinget handsama i møte 12.desember 2017 sak om «sal av bompengeselskap» og vedtok å handsame salet av bompengeselskapa i einskilde sakar.

Hordaland fylkeskommune eig 52 (52%) aksjar i selskapet. Dei andre eigarane er Bergen kommune (24 aksjar – 24%) og Os kommune (24 aksjar – 24%). Hordaland fylkeskommune forutset at dei andre eigarane sel sine aksjar i selskapet til Ferde AS.

Fylkesrådmannen rår til at aksjane i Bergen-Os bompengeselskap AS vert selt for kr 925 600.

**Økonomi:** Bompengeselskapa har lånegarantiar frå Hordaland fylkeskommune. Salsutbytet vert å setja på ubudne fond, jf delegasjonsreglementet i Hordaland fylkeskommune

**Klima:** Sal av aksjar har ingen påverknad.

**Folkehelse:** Sal av aksjar har ingen påverknad.

**Regional planstrategi:** Sal av aksjar har ingen påverknad.

**Forslag til vedtak**

1. Tilbod frå Ferde AS om kjøp av fylkeskommunen sine aksjar i Bergen-Os bompengeselskap AS vert godtatt og salet av aksjane kan verte gjennomført.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtalen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 16.01.2018**

## Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune etablerte saman med Sogn og Fjordane, Rogaland, Vest og Aust Agder fylkeskommunar, Ferde AS (tidlegare Sørvest bomvegselskap AS) som ein konsekvens av Meld St 25 (2014-2015) «På rett veg – reformar i vegsektoren». Meld st. 25 (2014-2015) omhandlar mellom anna reformar for bompengesektoren. Stortinget slutta seg til Regjering sitt forslag til reformar i bompengesektoren, der det vart lagt opp til ein overgang til eit fåtal bompengeselskap. Stortinget meiner at færre bompengeselskap kan bidra til auka profesjonalitet i sektoren for innkrevjinga og finansforvaltninga.

Ferde AS vart etablert i 2016 og har etter dette gjennomført ein prosess for å kome i posisjon til å overta drifta av og deretter å innfusjonere bompengeselskapa i eigarfylkene. Ferde AS har fremja tilbod på Hordaland fylkeskommune sine aksjepostar i dei ti selskapa. Fylkestinget vedtok sal av Bergen bompengeselskap AS i møte 12.desember 2017.

Av omsyn til sakshandsaminga, likebehandling av eigarar og naudsynte politiske prosesser i fylkeskommunen og kommunane er det vedteke å handsame salet av bompengeselskapa i einskilde saker.

## Lovgrunnlag

Det er aksjelova som regulerer sal av aksjar i aksjeselskap. Salet av bompengeselskapa handterast etter reglane i aksjelova.

I følge delegasjonsreglementet i Hordaland fylkeskommune er det fylkesutvalet som fattar vedtak i saker som gjeld aksjesal innanfor ei ramme på 2 mill. kr. Delegasjonsreglementet seier at salsutbytet vert å setja på ubudne fond. Rammene gjeld for det enkelte kjøpet/salet.

Fylkesutvalet er og vedteke å vere eigarutval i Hordaland fylkeskommune, seinast i sak 119/2017 som vart handsama i møte i fylkestinget 12.desember 2017.

### Om salet

Bergen-Os bompengeselskap AS vert selt så raskt som rå og i samsvar med tilbod frå Ferde AS. Salet omfattar heile aksjeposten på 52 aksjar og har ein pris på kr 925 600, jf revidert tilbod frå Ferde AS via Kluge advokatfirma.

## Fakta om selskapet

### Bergen-Os Bompengeselskap AS

|                                    |                                             |
|------------------------------------|---------------------------------------------|
| <b>Organisasjonsnummer:</b>        | 990 358 699                                 |
| <b>Adresse:</b>                    | Lille Markeveien 13, 5005 Bergen            |
| <b>Stifta</b>                      | 23.08.2006                                  |
| <b>Dagleg leiar/kontaktperson:</b> | Torbjørn Vidar Wilhelmsen/Eli Årdal Berland |
| <b>Arkivnummer</b>                 |                                             |

### Eigarar:

|                         |           |      |
|-------------------------|-----------|------|
| Hordaland fylkeskommune | 52 aksjar | 52 % |
| Bergen kommune          | 24 aksjar | 24 % |
| Os kommune              | 24 aksjar | 24 % |

**Aksjekapital:** kr 200 000

**Eigenkapitalprosent:** 0

**Styre:** (ref. årsmelding for 2016)

Styreleiar: Stein Inge Ryssdal

Nestleiar: Torill Selsvold Nyborg

**Varamedl:**

Eli Årdal Berland

Gustav Bahus

Kjetil Hestad  
Trine Bell-Rysst (Bergen kommune)  
Terje Søviknes (Os kommune)

Aud Karin Oen  
Børge Lunde

**Godtgjersler til styret:**

Det vart i 2016 utbetalt kr 225 918 (inkl arbeidsgjevaravgift)

**Hordaland fylkeskommunes eigarrepresentasjon:**

Hordaland fylkeskommune vel tre (3) representantar med varamedlemer til styret.

**Selskapets føremål:**

Selskapets føremål er å førestå delfinansieringa av vegutbygging av E39 Svegatjørn – Rådal og med utbygging av Rådalskryssset.

**Nøkkeltal for selskapet:**

|                  |                                          |
|------------------|------------------------------------------|
| Eigenkapital:    | kr 336 000                               |
| Driftsinntekter: | kr 0                                     |
| Årsresultat:     | kr 0 (resultat før skatt: kr -9 395 000) |
| Likviditetsgrad: | 0,01                                     |

**Nøkkeltal for Hordaland fylkeskommune:**

Lånegaranti: kr 3 500 000 000

**Generelt om verksemda**

Per 1. november 2017 har ikkje innkrevjinga starta

**Vedlegg:**

1. Tilbod frå Ferde AS